

Andreas Bjørkum

Innlegg 21. februar 2011 om rettskrivingi/-framlegget

Fyrst vil eg gjeva noko ros til nemndi for at dei har valt *sentrale* former til *eineformer* i tradisjonell nynorsk, og stroke ein del sideformer som samsvarar med bokmål. Døme er *skule*, *høyra*, *køyra*, *drøyma*, *fløyma*, *møyr*, adj (s. 49) og *draum*, *flaum* (same s.); og *gamal/gammal* er jamstelte former. Men at *tog* og *trog*, båe n., skal ha ny diftong: *tau*, *trau* som *eineform* er verre.

Problemi med *stutt* eller *lang* m (enkel- eller dobbelskriven) er ikkje so enkle, for adj. *kram*, *lam*, *ram* og *stram* t.d. har ikkje flt. med *stutt* vokal i mange målføre, t.d. *krame*, *lame*, *rame* (*te juga*), men i yngre mål *stramme*, *tamme* i indre Sogn t.d., og ei *plome* er *eineform* (*ho* skal gå ut); *sommar*, m. er greitt nok, men *sumar* vantar *-mm-* (eg seier *sommar* med *-o-*).

Skriftoptlæringi i *folkeskulen* sit att i *alle* år: *gamal*, *koma*, *døma*, *sumar*, men eg seier *gammadl*, *kåmma*, *dømma*, *sommar*.

Om substantivi vil eg serleg draga fram nokre omlydde former i flt. som skal gå ut:

i hankjønn	<i>menner</i> (av <i>mann</i>)
i hokjønn	<i>lyser</i> (av <i>lus</i>)
	<i>myser</i> (av <i>mus</i>)
	<i>vemmer</i> (av <i>vom</i>)

Det vil seia at dei *systematisk rette* formene skal vika for *analogiske* former (s. 100, 101). Talemåli våre held på omlyden, og det må vega so *tungt* at flt. *menn*, *menner*, *lus* – *lyser*, *mus* – *myser* (i *Norsk Ordbok*, dei er ikkje komne til *vom* enno) er ei fullgod løysing for *båe* formene.

Linne hokjønnsord (*auga*, *øyra*) skal no òg ha *-e* i eintal og ub.flt. og *-a* i bundi form flt. attåt *-a*, iflt. (s. 97–99). At nemndi berre nemner *tre* ord her er *lite* tilfredsstillande (*auga*, *hjarta*, *øyra*), for hit høyrer *nysta* (*eineform* i *Norsk Ordbok*, med flt. *nysto*), og i fleire målføre *nyra*, *okla* (Joh. Heggland skriv *nyro* i siste boki i 2008), t.d. i indre Sogn òg seier me *hydna* (*hyrna*) og *mennesja* (menneske), og *eit eista* er vanleg.

Om adjektivi vil eg berre taka fram formi på *-ut*, t.d. *bustut*, som nemndi svært gjerne vil ha ut (s. 79 og 139–142). På oppslagsordi i *Norsk Ordbok* er *-ut* *eineform* i *bustut*, *grimut*, *kantut*, *masut*, *nebbut*, *randut*, berre av og til med *-ete* attåt i *fillut*, *-ete*, *grautut*, *-ete*, so eg ser *ingen* grunn til å *taka ut* former med *-ut*. Vestlendingane Sjur Bygd og Johannes Heggland skriv støtt *-ut*, fjellbygdmåli og Telemark har *-ut* (*-ot*) og i Trøndelag *-åt*. Gjer vel og tak inn att *-ut* (formene *-ut*, *-et(e)* bør jamstellast.

Pronomenformi *dykk* i nominativ er vel berre hendesløysa, utan gjennomtenking (*ho* finst då mest ingen stad i *levande tale*), men å stryka ut *honom* er meir tvilsamt; det er uvisst om denne formi døyr ut med minkande dativbruk, så ho bør få stå ei tid enno (Nordvestl., Austl., Trl.) Hokjønnsformi *onnor* (av *annan*) lever enno (både hjå Bygd, Heggland og i indre Sogn t.d.)

Om verbi er det mykje å seia, men eg vil berre draga fram to døme: *-de/-te* av linne verb etter *-r* i stomnen, t.d. *førde*, *stirde*, *torde*. Formene med *-te* er lite dekkjande for heile landet, (s. 176–179), og *-rde* og *-rte* bør jamstellast. Sjur Bygd, Heggland og fleire vestlandsmål har *-de*,

og med den formi slepp de alle unnataki om regelen med *-de* i *høyre, køyre, torde* (s. 179). Formene med *-de* er *saknelege* for mange av oss.

Stuttformene av sterke verb reiser ein del problem om systematikken, t.d. *dra/draga*, for *dreg* krev *draga* i infinitiv (s. 199), *ta/taka* med *tek* krev *taka* (s. 200), og partisippformene *dratt, tatt* er berre til *dra, ta*. *Glida, sklida, svida* med *gli, skli, svi* fører òg med seg *-r, -ei-* og *-tt*. Sjå over desse formene att i nemndi!

Kjønn i hankjønn og hokjønn krev ei *utgreiing* for seg, som nemndi seier, og å føra opp *kahytt* som sterkt hokjønnsord mot den linne formi *kahytta* (s. 69) bryt all samanheng med ei *hytta/-e*. (-hytti er umogeleg i indre Sogn t.d.)

Å *mykja* opp (av *mjuk*) er ei vanleg laging, so difor er audmykja betre enn *audmjuka* (s. 73).